

**Lindås Kommune - Formannskapet**

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Att. Ørjan Raknes Forthun

Dykkar ref.

Ørjan Raknes Forthun

Vår ref.

15-007.HB/EME

Stad/dato

Knarvik, 19.mai 2015

## **SØKNAD OM FAST DRIFTSSTØNAD - KNARVIKMILA**

**KnarvikMila søker om kr 350.000,00 i fast driftsstønad pr år.**

**Grunnlag for søknaden:**

KnarvikMila er i dag eit av Noregs største kultur- og idrettsarrangement. I tillegg til løpa vert det arrangert konferansar, seminar, barne- og ungdomsarrangement, konsertar og familiearrangement Totalt 21 forskjellige delarrangement.

I 2014 var det nær 16.000 besøkjande under KnarvikMil-veka. Av desse deltok 8.710 på løpa. KnarvikMila har i mange år vore eit nasjonalt og veletablert løpsarrangement, men er no på veg til også å verta stor internasjonal.

Av det offisielle Nordhordland vert KnarvikMila rekna som den viktigaste merkevara og omdømmebyggjaren i regionen. Dette vart forsterka i ei undersøking av Respons Analyse vinteren 2015 (oppdragsgivar «Reservebenken»). Her kom det fram at KnarvikMila var suverent beste marknadsføraren og omdømmebyggjaren i regionen. Fleire nasjonale toppløparar vurderer KnarvikMila som kanskje det mest profesjonelle løpsarrangementet i landet, og Mila vert rangert blant dei 6 viktigaste arrangementa i idrettsNoreg (rangert som det 3. største løpsarrangementet i Norge i 2014 av løparorganisasjonen «Kondis»).

Dessutan har Mila ei rekke aktivitets- og folkehelsetilbod som går over heile året, som t.d. gå- og joggegrupper for folk i alle aldrar, eigne aktivitetar for ungdom og fleire viktige folkehelsetiltak. Største enkeltprosjektet er «*Lettare til fots*». I tillegg til fysisk aktivitet med fellestrenings 2 dagar i vake, er det seminar og foredrag med nokre av landets fremste ekspertar på folkehelsetiltak.

I den fysiske delen av opplegget er Aktivitetsløypa «hovudarena». Over 600 personar brukar den dagleg. Brukarane kjem frå heile regionen og omfattar folk i alle aldrar og på alle nivå. Løypa har fått stor anerkjenning, mellom anna av dei to tidlegare helseministrane Anne-Grete Strøm-Erichsen og Jonas Gahr Støre. Frå legehald vert det hevda at Aktivitetsløypa sparar Lindås Kommune fleire hundre tusen kroner i året i helseutgifter. Som kjent er det KnarvikMila som har bygd løypa og kosta lysanlegg, treningsapparat og bord/stolar. Totalt har KnarvikMila investert over 2 millionar kroner i løypa. I tillegg har næringslivet ytt ca. 0,5 mill kr. I følgje Noregs Friidrettsforbund, ved Kjetil Hildeskor, er det ikkje noko anna arrangement i Noreg som har brukta så store midlar til generell folketrim, og som i tillegg er gratis for alle brukarane.

KnarvikMila samarbeider med 15 ulike lag og organisasjoner (AKS-77, Knarvik IL, Knarvik Skulekorps, Alversund Skulemusikk, Nordhordland Ballklubb, Eikanger Bjørsvik Musikklag, Søfteland IL, DørstokkMila, Barnas Turlag, Musikkens Vener, Lyngheisenteret, Røde Kors, Nordhordland Turlag, Lindås Songlag, Nordhordland Skiklubb). Til saman får desse laga kvart år utbetalt ca. kr. 700.000,00 for arbeidet dei gjer. For nokre lag er pengane frå KnarvikMila største inntektskjelda. Utan midlane frå Mila hadde tilboda til born og unge vorte reduserte. Støtte til KnarvikMila er i realiteten støtte til alle laga som i dag er ein del av Mila. I tillegg arbeider Mila målretta for gode folkehelsetiltak til beste for innbyggjarane både i kommunen og regionen. KnarvikMila ønskjer å vera ein positiv bidragsytar i kommunen sitt folkehelsearbeid.

KnarvikMila har i si over 30-årige historie utvikla seg til eit gigantisk arrangement som krev over 500 frivillige personar i sjølve KnarvikMil-veka. Storleiken på arrangementet og folkehelseprosjekta gjer at det trengst personar i fast stilling, noko som igjen aukar kostnadene ved drifta. KnarvikMila har opp gjennom åra investert mykje pengar i anlegg som kjem heile regionen til gode. Vi håpar at vi med denne søknaden oppnår ein årleg stønad frå kommune, slik at vi saman kan oppretthalda og vidareutvikla den store aktiviteten innan frivillig verksamd, folkehelse, arrangement og anleggssforsyning.

Dersom Lindås Kommune vil bidra med fast driftsstønad til utvikling av KnarvikMila, vil vi sjølv sagt og inkludera kommunen som ein av hovudsponsorane i «Mila». Ein del av stønaden reknast som rein stønad og ein del som profilering med gjenytingar. Gjenytingar kan diskuterast, men vi nemner:

- Logo framside KnarvikMila Magasinet / KnarvikMila Avisa
- Annonseside i nemnde to media
- Logo på arrangementsannonser i media
- Arenareklame
- Deltakarar på KnarvikKonferansen

Bakgrunnen for vår søknad er at vi ønskjer eit tettare samarbeid med Lindås Kommune i høve arrangementet og på anleggssida. For at KnarvikMila skal kunne oppretthalda sitt aktivitetsnivå, samt vidareutvikla arrangementet er vi avhengige av stønad frå næringslivet og offentlege etatar. Sponsormarknaden varierer frå år til år og det er i desse dagar tyngre å henta stønad frå næringslivet. Ei fast driftsstønad frå Lindås kommune vil skapa ein base for vidare utvikling.

Til slutt vil me stolt sitera Per Fugelli, som er godt kjend med både KnarvikMila og folkehelsearbeidet vårt: «KnarvikMila er eit av dei aller beste helsetiltaka i landet».

Vonar at søknaden har fått fram breidda i KnarvikMila-konseptet og kva verd arrangementet har for både kommunen og den enkelte innbyggjar, og at kommunestyret ser på søknaden med stor velvilje.

Med vennleg helsing  
For KnarvikMila

Helge Brekke  
Styrelseiar  
*sign*

Eddie Mikal Ebbesvik  
Dagleg leiar